

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2145/2003

2006/EØS/58/09

av 8. desember 2003

om endring av vedlegg I til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2011/2003⁽²⁾, særleg artikkel 6, 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast grenseverdier for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.
- 2) Grenseverdier for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle relevante opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.
- 3) Når det skal fastsetjast grenseverdier for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).
- 4) Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Fellesskapet på dette området, bør grenseverdiane for restmengder vanlegvis fastsetjast for

målvev i levra eller nyrene. Levra og nyrene vert ofte fjerna frå skrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdier for muskel- eller fettvev.

- 5) Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdier for egg, mjølk eller honning.
- 6) Cefkinom og imidokarb bør førast opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 7) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF⁽³⁾.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 60. dagen etter at ho er kunngjord.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 322 av 9.12.2003, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 36/2004 av 23. april 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 26.8.2004, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 297 av 15.11.2003, s. 15.

⁽³⁾ TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 8. desember 2003.

For Kommissjonen
Erkki LIIKANEN
Medlem av Kommissjonen

VEDELEGG

I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

1. Anti-infektiva
- 1.2. Antibiotika
- 1.2.2. Cefalosporiner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev
«Cefkinom	Cefkinom	Dyr av hestefamilien	50 µg/kg 50 µg/kg 100 µg/kg 200 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer»

2. Parasittmidler
- 2.4. Midler mot protozoer
- 2.4.3. Karbamider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev
«Imidokarb	Imidokarb	Sau ⁽¹⁾	300 µg/kg 50 µg/kg 2 000 µg/kg 1 500 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer

(1) Skal ikke brukes til sauer som gir melk for konsum.»